

# BOKN BYGDEBLAD

---

NR. 2 - MARS 1989

ÅRG. 4

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## BERGE LYGRE FEKK FRIHETS MEDALJE

Fredag den 24. februar hadde Bokn Pensjonistforening ei ekstra høgtideleg ramme for møtet sitt. Berge Lygre skulle overrekka Kong Haakon den 7. Frihetsmedalje for den innsats han hadde gjort som sjømann i den norske handelsflåten under siste verdskrig.

Pensjonistforeninga i samarbeid med Bokn kommune v/ordføraren hadde laga ei ramme om kvelden som gjorde det til ei oppleveling og ei minnerik stund.

Utanom dei vanlege postane i pensjonistforeninga sine møte, var det solosang av Oddrun Håland, og song av Oddrun Håland, Anne Tove Øvrebø og Kristin Laupland. Jardar Havikbotn akkompagnerte på piano.

Ordførar Leif Vatnaland overrekte Frihetsmedaljen til Berge Lygre. I samband med dette sa ordføraren m. a. at medaljen skulle overrekka i verdige former, og at han ikkje fann noko meir verdig forsamling i Bokn enn pensjonistforeninga.

Ordføraren kom også inn på den innsatsen den norske handelsflåten hadde utført under krigen, og dei påkjenningane dette hadde vore både for sjøfolka og dei pårørande.

I tillegg til sjølve Frihetsmedaljen, vart Berge Lygre overrekt diplom. Han vart også overrekt blomar, både frå Bokn kommune og frå Bokn pensjonistforening.

Målfrid Kro Trosvavåg las diktet "Gud signe Noregs land" av Arne Garborg.

Dei nærmaste av familiene til Berge Lygre var til stades, og Per Lygre takka kommunen og pensjonistforeninga for at høgtidsstunda var lagt både vel til rette og gjennomført.

Seinare vart det servert erte-suppe og kaffi og kake. Det vart vist filmopptak frå eit pensjonisttreff i 1972, og ein pensjonisttur frå 1973.

Pensjonistforeninga hadde val på nye styremedlem, og det vart Olaug Hognaland og Thordis Ellingsen, med Fernanda Alvestad og Borghild Bokneberg som varamedlemmer. Frå før sit Elise Kro og Østen Hognaland i styret.

Klara Grønnestad som nå går av som formann, fekk overrekt blomar og gode ord frå Elise Kro.

**KRISTELEG  
FOLKEPARTI**

**I BOKN**

Årsmøte 3.februar 1989.

Frå årsmeldinga gjekk det fram at me hadde 8 styremøte og 2 medlemsmøte.

Det vart gjenvalg på leiar og styremedlemmer.Til å møta på Fylkesårsmøte vart valde:

Sigurd Johnny Svendsen og Sverre Øvrebø.

Desse er i dag i styret:

Sverre Øvrebø - leiar  
Sigurd Johnny Svendsen - nestleiar  
Karen Hetland - sekretær  
Gunvor Øvrebø - kasserar  
Ingrid Blikshavn - styremedlem

Av dei sakene som me tok opp var røykinga ombord i Bokn-Ferga.Saka vart send til Det Stavangerske Dampskibsselskap,som sa seg villeg til å setja røykeforbud.

I budsjettforslaget for 1989 skulle Kyrkjeruta stansast frå 1.mai. Krf. tok saka opp og det vart vedteke at ruta skulle fortsetja.

Krf held på med ein landsomfattande aksjon for å gjera kjent kva partiet står for.Dette vil me halda fram med, med tanke på å verva medlemmer.

**HØGRE**

Årsmøte 24.februar 1989.

Utdrag frå årsmeldinga

Bokn Høgre fekk i 1988 16 nye medlemmer,ein auke på 47%.

Bokn Høgre hadde i 1988 11 møter inkl. gruppemøter.Gruppemøtene før kvart kommunestyre har vore opne for alle medlemmene.

Årsmøte vart innleia av stortingskandidat Thorhild Widvey.

Etter årsmøtet ser styret slik ut:

Lars Sigmund Alvestad - leiar  
Svein Ove Alvestad - nestleiar  
Trine Grønnestad - sekretær  
Kjell Terje Bryningsland - kasserar  
Linda Jensen - styremedlem

**ROLIGE TIDER FOR  
BOKN FISKEMOTTAK A/S**

Sidan nyttår har det vore heller liten aktivitet ved Bokn Fiskemottak A/S.

Dagleg leiar Bjørn Eirik Gundersen opplyser til Bokn Bygdeblad at i frå å ha omtrent full drift før nyttår,har det stilna av til 7 dagar med fisk i januar og 5 dagar i februar.

Dette er ikkje uventa.Denne tida er erfaringsmessig rolegare enn før nyttår.

Bjørn Eirik Gundersen seier at det spesielt er eksportmarknaden som avgjer.Nå er marknaden metta.

Bokn Fiskemottak A/S har budsjettet med 400 tonn 1.halvår 1989,og 1.000 tonn i 2.halvår 1989.

Etter påske reknar ein med at drifta skal gå jamnare,og at dei 17 tilsette skal få meir å gjera.

Det er berre 2 personar i fast arbeid,resten er deltidstilsette.

Bjørn E.Gundersen seier til bygdebladet at sjøl om det er periodar kor det er stille,ser han lyst på framtida.Det må ein i ein slik bransje.

Bokn Fiskemottak A/S pakkar for det meste for Skaarfisk Mowi i Florø.

**IKKJE 2/3 FLEIRTAL FOR  
ORGANISASJONSPLAN**

Må opp til ny behandling.

Bokn kommunestyre behandla i siste kommunestyremøte forslag til ny organisasjonsplan.Ved endeleg avrøysting var det 6 av 17 som røysta mot å vedta planen.I og med at planen ikkje vart vedtatt med 2/3 fleirtal,må han opp til ny behandling.

## INFO FRA BOKN I. L.

### AVDELINGSOOPPSETT, fotball:

MENN, 8.DIV. AVD. B:

Bokn  
Dirdal  
Elmer  
Graskre  
Hauk  
Høyland  
Noredalen  
Nylund  
Sandved (Sandnes)  
Østrem  
Åsenkameratene

Lilleputtene, ialt 18 gutter og 3 jenter, trener tirsdag kl.17.30 -19.00.

Skal melde guttelaget på i Norway Cup som går i månedsskiftet juli/august.

Har meldt på et fotball-lag i klassen 10 år i HÅFO-CUP-1989 som Avaldsnes I.L. arrangerer i Håvikhallen 22.-23.april.

Hvis mulig er det ønskelig at arrangører av tilstelninger lørdags- og søndagskveldene, ikke setter ut bord og stoler før de oppsatte treningsstider er over.

GUTTER, 2.DIV. AVD. G:

Bokn  
Kopervik 2  
Nord 1  
Skudenes  
Vedavåg  
Åkra 2

Dametrimmen på tirsdagskveldene og herretrimmen på torsdagskveldene går også for fullt.

Torsdag er det også volleyball for barn, men på grunn av det store antallet spillere, ialt 14 jenter og 18 gutter, er de oppdelt i 2 grupper. De som er født i 77-79, kl. 18.30-19.15 og de som er født i 74-76, kl. 19.15-20.00.

LILLEGUTTER, 2.DIV. AVD. F:

Bokn  
Ferkingstad  
Kopervik 1  
Skudenes  
Sveio 1  
Vard 4

Orienteringsaktiviteten har ikke startet enda, men er like rundt hjørnet.

Konstruksjonen av O-kartet er i-gang, og regnes ferdig tidlig i vår.

Spilledager:

Menn: Lørdag. Gutter: Torsdag.  
Lillegutter: Mandag.

B.I.L. arrangerer dans lørdag den 4.mars kl.20.30 (NB: Ikke karneval) "The Club Cats" spiller opp. Entre: Medl.: kr.60,- Andre: kr.80,-.

Hans

Treningen for alle 3 lagene går for fullt. Mennene trener mandag kl.20.00-22.00 og lørdag 13.30-16.00. Guttene, ialt 20 gutter og 1 jente, trener onsdag kl.15.30-17.00 og søndag 13.30-15.30.

### TILTAK MOT ARBEIDS-LØYSE

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 21.februar å løyva kr.50.000,- som skal kunna brukast i samband med tiltak mot arbeidsløyse. I eit eventuelt samarbeid med arbeidsformidlinga skal midlane saman med statlege midlar kunna brukast til ulike tiltak som kommunen kan vera med på å setja i verk. I kommunen vil ein så snart som muleg sjå på kva arbeidsoppgåver som kan utførast som

sysselsetjingstiltak for folk som er ledige.

Ved arbeidsformidlinga har bygdebładet fått opplyst at det er registrert 18 personar frå Bokn som er ledige - ved utgåve av januar, 6 menn og 12 kvinner. Dette er 4,7% av arbeidsstyrken i Bokn.

I Karmøy er 8,1% av arb.styrken ledige, og i Tysvær noko over 5%.

## BRANN I HUS PÅ VATNALAND

GOD JOBB AV BRANNVESENET

Brannen vart varsle få minuttar over kl.20 mandag den 20.februar av ein tilfeldig trafikant som kjørte forbi.Brannvesenet var raske på staden,og brukte ca. 1 time på sløkingsarbeidet.

Huset som vert nytta til fritidsbu-stad,fekk store brannskader i ei stove,og elles vatn og røykskader. Ei eldre kvinne som hadde ferieopp-hald i huset,vart ikkje skada.

Ved lensmannskontoret får Bokn bygdeblad opplyst at det er all grunn til å gi honnør til brannvesenet for rask utrykking.Det skulle ikkje gått mykje lengre tid før heile huset ville vore utbrent. Takka vera rask reaksjon frå trafikanten som melde brannen,gjekk det heile betre enn ein kunna ha frykta.

Lensmannsbetjent Kjell Fjellby opplyser at brannen har starta i den stova som er mest brannskada,og at alt tyder på at det er ein eller anna slags lauseld som har antent.

## ALT KAN STELAST !

Ein kunne undra seg om det var spøk eller alvor.I alle fall kunne Steinar og Ingebjørg Alvestad onsdag den 1.februar konstatera at både vaskemaskin og tørketrommel i løpet av natta var fjerna frå eit vaskerom som dei har i sjøhuset. I tillegg til dette var det klær både i sentrifugen og tørketrommelen som dei også mista.

Ennå er verken vaskemaskinen eller tørketrommelen dukka opp,så dei må vel anta at det er tapt.Dei har ingen formeining verken korleis eller kven som har fjerna utstyret.

Tidlegare i januar har uvedkomande fått opp ein hengelås til oljetappa-tinga på kaien til Steinar Alvestad. Det vart etter dette funnen ei bol-tatang til klypping av kjetting. Så folkens - me får fylgja litt med på det som skjer rundt oss.

Bygdebladet pratar med:  
**TORGER GRØNNESTAD**  
Bokn Plast sin skjulte arbeidar

"Dette er Bokn sin største bedrift som produserer septiktankar og aure-laksekar.Men,det kanskje ikkje alle veit er at i desse tankane er det fire handtak.Dei er spleisa av 10 mm tjukt nylontau."

Det er pensjonisten Torger som fortel dette til bygdebladet,og det er han som spleiser desse handtaka.

Vidare fortel Torger:


"Det var Augustin Jøsang som kom og spurde meg.Og eg starta 21.08.72,så eg held på i det syttende året nå. Dei kjem på huset til meg med tau-kveilane.Så er det for meg å kutta den opp i 70 cm lengde.Og så må endane brennast.Då held eg meg på eit rom på lemmen,for det skitna så. Brukar talgalysstubbar til det. Eg spleisar frå 800-1200 stk. i mnd. Fortenesta er eg nøgd med. Om ikkje helsa er alltid like god,så stor-trivest eg med denne jobben.Det er "livsnerva" mi og ei velsigning for å halda seg i form.Kunne ikkje tenkja meg å sitja og sjå ned i golvet. Nei,etter kaffien om morgonen,så er det spleising - "

Torger Grønnestad går nå i sitt 80 år,og han er svært glad og takknem-leg for ha noko å gjera.

L.V.

## Du kan redde liv

Finn din plass i redningskjeden



## KURS I HJARTE-LUNGE REDNING

Vi viser til utlysing av kurs.

Kurset er utsett til etter påske. Nærare kunngjøring av tid og stad vil bli gitt seinare.

# BOKN - PROSJEKTET

## PLUKK FRÅ SISTE KVARTALSRAPPORT

### Veg på Susort

På dei siste 200 m ut i Frekasundet står det att å få grus, fast dekke og rekverk. Dette skal etter planen utførast i jan./febr. i år. Bru over RV 512 på Susort skal utførast ein gong i 1989.

### Frekasundet Bru

Brua er åpna for nyttetrafikk.

### Veg over Ognøy

Oljegrus vart lagd i november/desember 1988. Vegen er åpen for nyttetrafikk til Ognasundet. Rekkverk langs deler av vegen vert sett opp våren 1989. Dei siste 200 m ved A/S Betong sin brakkeleir vert gjort ferdig i slutten av 1989.

### Ognasundet Bru

Begge landkar, alle fundament og søyler er på plass. Støyping av seksjonane starta i første del av februar. Brua skal stå ferdig til 23. desember 1989.

### Veg over Austre Bokn

Det pågår nå masseforflytting og planering. Deler er ferdig planert. Landkarfyllinga i Boknasundet er ferdig oppfylt.

### Tunnel Austre Bokn

Tunnelen skal nå sikrast med boltar og sprutbetong. Vavn og frostsikring er naudsynt i ca. 300 m. Det vert montert platekvelv i kvar ende av tunnelen.

### Boknasundet Bru

Anbuda vart åpna 16.jan. 1989. Summane varierte fra 29 mill. kr. til 59,5 mill. kr. Aker Entreprenør hadde lågaste sum. Aker kan, mot eit pristillegg, levera sitt alternativ ferdig til 10.07.90, ev. 1.10.90.

### Veg over Vestre Bokn

Arbeidet tok til i oktober 1988, og sprenging og masseforflytting har foregått frå brufyllinga fram mot Knarholmen-området. Bærelag fram til Knarholmvegen vert lagt ut etter ferien i år, og toppdekke i oktober. Frå Knarholmvegen fram til Arsvågen vil sprengingsarbeid ta til i slutten av året.


### Arsvågen ferjeleie og molo

Planarbeid med oppstillingsplasser og kaisystem pågår.

### Framdriftsplan

Boknasundet Bru kan i beste fall vera ferdig medio juli 1990. Dette kan framskunda ferdigdatoen for heile prosjektet til oktober 1990.

Den "offisielle" framdriftsplanen seier ferdigstilling 1.juni 1991, men dette kan altså framskundast dersom finansieringsplanen vert endra av Stortinget. Dersom dette tek for lang tid, vil det ikkje vera reelt å rekna med ferdigstilling før i 1991.



## FRA SKULEN



## KINOTUR TIL KOPERVIK

Karmøy kino inviterte skulen til å sjå filmen "Bjørnen". Filmen har 10-års grense, så 4.-9. var dei som fekk reisa. Me reiste klokka 10.30 mandag 6. februar.

Då me reiste til Kopervik, var det liten plass på ferja, og nokon måtte stå. Det var også nokon som spelte kort. Me hadde det kjekt. Filmen som me såg heter BJØRNEN som varte i ca. 2 timer. Det 4-9 klasse som fekk sjå filmen. Det var ein kjekk film. Filmen handla om ein bjørnunge som mista mora. Mora utløyste eit ras og fekk steinen over seg. Bjørnungen hadde ingen til å passa på seg til han fant ein stor bjørn, han skaffa mat til han.

Det var også to jegerar i nærheten. Dei hadde prøvd å skyta den store bjørnen, men han døydde ikkje. Bjørnen gjekk og ynka seg. Den little bjørn-ungen såg han og ville veldig gjerne vere venn med han. Men då bjørn-ungen prøvde å komma

nær han, begynte han og brøla, og bjørnungen blei redd. Men han prødde seg mange gonger, og til slutt fekk han det til. Dei vart gode vener. Filmen var litt ekkel av og til, for eksempel då bjørnen hadde tatt ein hest og rive magen sund, og då bjørnemora døydde. Hundane som sprang etter bjørnen datt ned, så det var litt blod og sånt. Det var lite snakking i filmen. Ellers var det mykje kjekt og spanande i filmen.

Då kinoen var slutt, fekk me lov til å gå ut i Kopervik frå kl. 13.00 til 13.30. Nokon hadde ærend dei skulle gjera, og andre gjekk berre rundt og kikka. Me møttest ved kinoen igjen kl. 13.30. 4. og 5. klasse skulle på symjing den dagen, så dei vart igjen i Kopervik. På Ferja heim att var det betre plass.

Helsing 4.klasse

Marie, Terje, Henning, Ingri

## 4. - 9. KLASSE PÅ BIBELUTSTILLING

Den 26.januar var me i 4.-6.klasse på bibelutstilling på Aksdal i Tysvær.Me reiste med Raana frå Førresvik til Susort.Der i frå tok me buss til Aksdal.

På bibelutstillinga viste kateketen,Gunnar Kartveit,og Olav Myrstad oss rundt.Der var det nye biblar.Det var og plakatar der som viste oss ting frå bibelen.

Då me var ferdige på bibelutstillinga,tok me den same bussen tilbake.Då me kom til Susort,var ikkje Raana kome tilbake.Så me i 4.-6.klasse måtte venta ca. tre kvarter på ferja,og det blåste ganske kraftig.

Det var masse fine bilder på utstillinga.Men det var litt liten plass og masse folk,og me fekk ikkje gå aleine og sjå på.Mange av oss hadde lyst til å sjå meir,og det var litt dumt at me ikkje fekk tid til det.

Ingri,Henning,Terje

## 4.KLASSE PÅ BESØK I RADIO 102

Den 19/1-89 reiste 4.klasse til Radio 102.Me reiste kl.10.30, og kom heim kl.14.30.På ferjeturen spelte me kort begge veier,me speilte Games.

Radio 102 ligg oppe med Utgarden Folkehøgskule.Me blei vist rundt av redaktøren,Harald Dale.Han viste oss studio.Der var det 3 studior.Han viste oss plate-biblioteket.Der var det mange plater,LPar,kassettar,singlar og CDar.Han viste oss også bingosalongen.Det var kjempe-kult der.

Me fekk ta opp på kassett av sjefen.Han heiter Harald Dale.Det var han me snakka med på opptaket.Han intervjuja oss.Det var kjekt.

Stephan,Johnny,Grete,Emma

## 4 . KLASSE FEKK "GODT NYTT"

Me i 4.klasse fekk "Godt Nytt" den 5.februar 1989.Me vart spesielt inviterte til gudstenesta den søndagen.


På slutten av gudstenesta sa presten Finn Bårdsen at nå skulle 4.klasse få "Godt Nytt".

"Godt Nytt" er det nye testamentet.Me sa takk,og tok han i handa.Den 15.februar kom presten på skulen og viste oss korleis me skulle bruka "Godt Nytt".

Helsing 4.klasse

## NY KOPIERINGS- MASKIN TIL SKULEN

Bokn kommunestyre løvvde i siste møte kr.9.000,- som tilleggsløvvning til innkjøp av ny kopieringsmaskin til skulen.



## GUDSTENESTER I BOKN KYRKJE

05.03.,kl.11.00

Høgmesse.Soknepresten.Offer til høgskulen.

23.03.,kl.11.00

Høgmesse.Soknepresten.Offer til Bispedømmerådet.

27.03.,kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Soknepresten.Offer til Menighetsfakultetet.

16.04.,kl.18.30

Kveldsmesse. Soknepresten. Samtale med konfirmantane.

**"BILULUKKE"**  
**VED KNARHOLMVEGEN**

Helsevesen, brannvesen, ambulanse og  
Røde Kors på øving

Den 8. februar gjekk alarmen om ei "bilulukke" ved Knarholmvegen. Personell fra Røde Kors i Kopervik spela markørar som fem hardt skadde personar.

Ulukkesmeldinga gjekk til vakta på sjukestova kl. 19.40, som igjen varsla sjukepleiarar, ambulanse og brannmannskap.

Etter 10 minutt var sjukepleiarar og ambulansepersonell i gang med første-hjelp. Etter kvart kom brannmannskap

Luftambulansen vart kontakta, og legehelikopteret kunne vera framme ved u-nok, og ein disponerer ikkje nok førs-

Samtlege "skadde" vart transportert til skadestova på helseavdelinga i

løpet av 45 minutt etter at varsel om ulukke var gitt.

Etterpå vart deltagarane samla på Boknatur for å diskutera erfaringane etter øvinga.

Røde Kors sin observatør betrakta øvinga som vellukka til å vera første gong slik trening vart gjennomført. Det vart også avklara svake punkt ved beredskapen. Ein manglar først og fremst ein beredskapsplan som kan setjast i verk ved ei større ulukke.

Varslingsordninga er heller ikkje god tilhjelpsutstyr og teknisk utstyr til f.eks. åpning av bilvrak.

Dette vil ein prøva å retta på.

**KOMMUNEPLANARBEIDET**  
**GÅR FRAMOVER**

Planleggjar og avd.ingeniør Marit Markhus er sekretær i eit arbeidsutval som nå er i full gang med delplanar til kommuneplanen.

I arbeidsutvalet er elles rådmann og etatsjefar med.

Sjølvé kommuneplannemnda som vidare skal behandla framdrifta av og har ansvar for planane er identisk med formannskapet.

Ein idrettsplan for Bokn tar nå form. For at kommunen skal få tippe-midlar, vert det for etertida krevd at det skal finnast ein vedtatt plan for idretten i kommunen.

Vidare er ein i ferd med å utarbeida ein såkalla hytteplan. I den langsigktige delen av kommuneplanen for Bokn som ennå ikkje er vedtatt, heiter det m.a.: "kommunen vil styra den vanta veksten i hyttebygginga. Det skal utarbeidast retningsliner i arealdelen til kommuneplanen, og

dei skal sikra at almenne behov blir tatt vare på. Det er viktig å konsentrera hyttebygginga til område kor konfliktane med andre interesser er små."

Ein kan opplysa at det pr. 31.12.88 var 87 hytter/fritidshus i kommunen. 6 hyttetomter var godkjende og frådelte. 41 hyttetomter inngår i godkjende reguleringsplanar, og 15 tomter er under planlegging i felt.

Ein reknar med at hytteplanen er klar for vidare behandling før sommaren.

Vidare er det fleire delplanar som må utarbeidast eller rullerast. Det gjeld m.a. innafor helse/sosial, kultur og arealplanar. Det siste er nå særskilt viktig for området langs den nye riksvegen, og dette arbeidet er nå i gang.



# Kurstilbud



AOF HAUGALAND, Strandgt. 71, 5500  
Haugesund, tlf. 71 27 99.

AOF HAUGALAND har mottatt en del forespørsler angående ønske om kursvirksomhet på Bokn.

AOF HAUGALAND har i lang tid hatt en rekke tilbud på språk, hobby og yrkesrettede kurs i Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord.

Vi ønsker å få vite litt mer om hvilke kurs det er ønske/behov for på Bokn.

Ta kontakt med oss i tlf. 71 27 99, og vi vil prøve å få satt i gang disse kursene til høsten.

AOF HAUGALAND har stadig bruk for nye lærere. Er det noe du kan veldig bra, og som du vil dele med andre? Ta kontakt, det er gjerne nettopp deg vi har bruk for. Det er da ønskelig med lærere som kan undervise på Bokn.

X -----  
**KURS HØSTEN 89?**

Jeg ønsker at det blir satt opp kurs i: \_\_\_\_\_

Jeg kan tenke meg å undervise i : \_\_\_\_\_

Navn : \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Tlf. privat: \_\_\_\_\_ Tlf. arb.: \_\_\_\_\_



## BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

### PÅSKEKANTATE


Søndag 19. mars kl. 16.30 er det klart for Bokn barnekors 4. kantate-framføring på Bokn skule, og nå er det igjen Trygve Bjerkrheim og Mons Leidvin Takles "EIN EVIG PÅSKEDAG" som står i sentrum.

Denne populære kantaten bygger på påskeevangeliet, og du vil få høre koret synge både en-, to- og trestemmig - og som talekor. Som vanlig har vi en del solister og en forteller, og til å ledsage alt dette får du høre piano, fløyter og slagverkinstrumenter.

Konserten denne palmesøndagen må vel være en fin måte å starte påsken på.

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN SØNDAG 19. MARS !

HILSEN



# FORELSK I BOKER



**OPNINGSTIDER:**  
**TIRSDAG :10-13**  
**TORSDAG:16-19**

BIBLIOTEKET KAN MEIR ENN Å  
LÅNA UT BOKER!

ER DU INTERESSERT I SPRÅK?

BIBLIOTEKET KAN SKAFFA  
ULIKE SPRÅKKURS.



HER KAN DU OGSÅ LÅNA TIDS-  
SKRIFTER SOM:

BONYTT

HJEM & FRITID

VILLMARKSLIV

DATATID

BÅTMAGASINET

HUSFLID

ALT OM HÅNDARBEID

FOTOGRAFI

FRIMERKER


m.m

## KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BOKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

NB. DET VENTAR INGA STRAFF.

*DET ER BEDRE  
MED EN BOK  
I HÅNDEN...*



*EENN TI BOKER  
I HYLLEN*



### FRITIDSLEIAR

Frå 1.august 1989 er det ledig ei 2-års engasjementstilling som fri-tidsleiari i  $\frac{1}{2}$  stilling i Bokn. Fritidsleiaren skal m.a. gi råd og hjelp til organisasjonar, foreldregrupper og andre som driv opne tilbod for barn og ungdom, og vera til hjelp i planlegginga av slike tiltak.

Det er utarbeidd stillingsomtale. Stillinga er lagd til kulturetaten

Det er ynskjeleg med utdanning/erfaring som høver for stillinga.

Løn etter kvalifikasjonar.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til kultursekretær

Reidar Alvestad, tlf. 748500.

Søknad vert å senda Administrasjonsutvalet i Bokn, 4290 Føresvik.

Søknadsfrist: 15.mars 1989.

### VIKARIAT HJELPEPLEIAR/ASSISTENT

Frå 6.mai 1989 til 6.mai 1990 er det ledig eit vikariat for hjelpepleiar/assistent i Bokn kommune.

Arbeidsoppgåvane vil bli ved sjukestova og i åpen omsorg, og den tilsette må såleis disponera bil. Løn etter 1.tr. 13-18 eller 10-17 etter kvalifikasjonar.

For stillinga vil det bli lagt stor vekt på fleksibilitet i arbeidet, og evne til samarbeid. Arbeidstakarane vert tilsette i kommunen på dei vil-kår som til ei kvar tid går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtaler, og må godta ev. seinare endringar i arbeidsområdet. Dei fleste kommunale stillingar er omfatta av pensjonsordning med 2% trekk.

Opplysningar om stillinga, vaktordning o.l. får ein ved å venda seg til Bokn kommune, adm.utvalget, 4290 Føresvik innan 3 veker frå utlysing.

### SYNGJESTEINEN

Har du høyrdt om "Syngjesteinen"? Den er også kalla "Klokkesteinen".

Når du tek ein stein og slår på denne steinen då høyrer du ein fin klang eller tone. Steinen ligg ved sida av liggjegrinda nett før du kjem til skjeringen i Kjilsbotn. Steinen har ikkje alltid lege der. Før vegen rundt Boknabergsvatnet vert bygd i 1960-61 så låg "Syngjesteinen" omlag der som vegen no svingar av til Knarholmen. Då stod steinen litt på skrå. Mor mi som vaks opp på Håland fortalte til oss då me var ungar: Når ho gjekk "Markaveien" til Alvestadkroken og handla slo ho alltid på denne steinen. I den tida var steinen full av kvite merke etter slaga. Alle som gjekk

framom ville vel og høyra klangen i steinen. Og då me var med mor til Håland til bestemor og bestefar ville me plent at dei skulle føra oss over sundet frå Krokjen, for då fekk me og slå på Syngjesteinen og høyra den fine tonen.

Eg synest klangen i steinen var finare der han låg før.

Det geologiske namnet på slike steinar har eg høyrt skal vera Tonitt.

Korleis har steinen kome dit? Ja, kven veit? - Det er vel frå Is-tida. At det finnst slike steinar i andre kommunar har eg og høyrt.

M.K.T.

## BOKN BARNEHAGE

Foreldra vil sjøl undersøkja be-hovet for barnehage.

På eit foreldremøte i barnehagen den 26.januar i år vart det vist ein video om barnehagen i framtida. Med utgangspunkt i dette diskuterte ein kva slags barnehage ein vil ha i framtida. For å finna svar på dette, har ein sett ned eit arbeidsutval på 5 personar som ved m.a. ei spørjeundersøking i Bokn skal prøva å finna svar på dette.

Dei som er med i utvalet er:

Marit Øvrebø  
Ingjerd Thuestad  
Marit Elin Våge  
Rannveig Nygaard  
Marie Løvoll Faye

Utvalet representerer familiar kor både ein av foreldra eller begge er i arbeid.

Også for nokre år sidan vart det foretatt ei spørjeundersøking om behov for barnehageplassar i Bokn, men det har skjedd såpass mykje endringar etter den tid - m.a. fleire arbeidsplassar for kvinner, at ein ikkje reknar at denne undersøkinga gir eit rett bilde av situasjonen lengre.

Spørjeundersøkinga vil gå til foreldre som har barn frå 5 år og yngre.

Aile som får spørjeskjema er her-ved oppfordra til å svara.

Sverige  
56%

Danmark  
55%

Finland  
41%

Norge  
31%



Norge har lavest barnehagedekning. Hvorfor?  
(Barnehagedekning i %, 1987.)

## NÆRINGSS- OG SERVICE OMRÅDE

### VED KNARHOLMEN

Bokn kommunestyre gjorde i sak 2/89 den 21.februar vedtak om å gå inn for at det blir lagt til rette for etablering av eit handels- og service-senter ved Knarholmen.

Bokn formannskap fekk fullmakt til å disponera kr.60.000,- til utarbeiding av eit forslag til danning av utbyggingsselskap som skal stå for utbygging, marknadsføring og


drift av handels- og serviceområdet og bustadområdet i samsvar med tilbod frå Asplan A/S.

Området ligg ved krysset mellom den nye riksvegen og Knarholmvegen.

Området er tiltenkt service og handel. I kommunestyret vart det sagt at bensinstasjon og handel var nøkkelen til å få området realisert.

Areal/trafikklaysing for  
Knarholmenområdet x ny Rv14

aplan



## IDRETTSLAGET FÅR MIDLAR TIL ORIENTERINGSKART

Bokn kommunestyre løvvde den 21. februar inntil kr.26.000,- til utarbeiding av eit orienteringsskart over nordre del av Vestre Bokn.

Kartet som totalt vil kosta ca.kr. 78.000,- vil kunna utarbeidast innan kort tid.

Bokn Idrettslag vil sjøl bidra med kr.26.000,-. Det er vidare søkt om kr.26.000,- i tippemidler.

## SØSKENMODERASJON I BARNEHAGEN

Bokn kommunestyre vedtok den 21. februar mot 8 røyster at søskensmoderasjonen i Bokn kommunale barnehage skal vera 50% for 2. og 3. barn, gjeldande frå 1.01.89. Moderasjonen var tidlegare 25%.

## KOMMUNEN OVERTAR PRIVAT VEG TIL TORLAND

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 21. februar å overta vegen til Torland. Vegen tener som adkomst til kommunen sin pumpestasjon ved Torlandsvatnet, til privat våningshus, driftsbygning og fritidsbustad.

I si saksframstilling til teknisk utval i sak 43/88, seier kommuneingenøren at i og med at vegen er einaste mogelege adkomst til den kommunale pumpestasjonen, er det rimeleg at kommunen tek over. I periodar er vegen i dagleg bruk til pumpestasjonen.

Saka var tatt opp på bakgrunn av søknad frå Ove Alvestad

## MILJØARBEID PÅ LANDSBASIS

### SVEIN IVAR LANGHELLE SKAL LEIA MILJØGRUPPE

Den første landskonferansen for fylkeskommunale miljøutval blei arrangert 16.-17.2. Det store fleirtalet av fylkeskommunar var representerte.

Det blei vedtatt å arrangera slike konferansar årleg.

På konferansen blei det retta sterke kritikk mot at viktige miljøpolitiske saker blir avgjort av statleg administrasjon og ikkje av dei folkevalde. Det blei difor vedtatt at fylkespolitikarane bør spele ei meir avgjerande rolle når miljøtiltak skal bestemmost og setjast ut i livet.

Landskonferansen satte ned ei gruppe på 5 som skal arbeida for å utvikla samarbeidet mellom miljøutvala i fylka og fremma fylkeskommunane sine interesser i miljøarbeidet i forhold til staten.

Desse blei valde:

Leiar:Svein Ivar Langhelle (leiar i Rogaland ressurs- og miljøstyre)

Medlemmer:

Erik Mørch (fylkesordførar i Aust-Agder), Vidar H.Halvorsen (leiar i Østfold hovudutval for miljøsaker), Torgeir Grosaaas (fylkesplansjef i Vest-Agder), Svein Karlsen (frilufts- og naturvernksousent i Nord-Trøndelag).

<b>TRELAST OG BYGGFIRMA LANGDAG TIRSDAG DIN NÆRBUTIKK <b>UTVIK</b><sup>A</sup> AVALDSNES - Tlf. 84 31 11 Nær riksvegen og kai</b>	<b>BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR AVTALE - TLF. 748501 TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING - FORSLAG TIL KJØKKEN - MANGE GODE TILBUD</b>
---	---



## BOKN KOMMUNE

### KULTURMIDLAR 1989

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1989.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

NB! Søknader som kjem inn etter fristen, kan ikkje rekna med å få stønad.

Søknadsfrist: 30. mars 1989.

Bokn kulturstyre.

### TRENGER DU HJELP?

Arb.ledig snekker kan ta diverse forefallende arbeid utvendig/innvendig, også tapetsering/maling og legging av golvbelegg.  
Rimelig.

Ring Leif - tlf.nr. 74 84 34

### ØNSKES KJØPT

Brukt redningsvest 20-30 kg ønskes kjøpt.  
Henv. tlf. 74 85 72.

### BOKN HAGELAG

har hagelagsmøte torsdag den 9. mars kl. 19.30 på Bokn skule.

T. Tveit kjem.

VEL MØTT!

### LENSMANNEN

har kontordag i Boknatun 1. fredagen kvar mnd. frå kl. 10.00 - 12.00.

## ARRANGEMENT I MARS

3.mars:	Bingo. Arr.:Bokn Brass	31.mars:	Bingo. Arr.:Idrettslaget.
3.mars:	Bokn sau- og geitealslag har møte.	1.april:	Dans. Arr.:Bokn Brass.
4.mars:	Dans. Arr.:Idrettslaget.	FOTPLEIE	
9.mars:	Hagelaget har møte.	Det vert fotpleie mandag den 6. mars. Påmelding til sosialkon- toret snarast i tlf.74 85 00.	
18.mars:	Diskotek		
19.mars:	Musikkskulen har konsert.		

## SR-BANK Bokn



NYTT FRA SR-BANK BOKN



På innskytarvalmøte i SR-BANK Bokn 23.02.89 vart det gjort  
desse val til forstandarskapen i SR-BANK:

Medlem for 4 år: Bernhard Våge  
Varamedlem for 1 år: Helga Alvestad

SR-BANK Bokn har hatt som tradisjon kvart år å dela ut ei  
pengegåve til alle fødde i Bokn.

Dei som vart fødde i jubileumsåret (SR-BANK Bokn var 75 år  
i 1988) vil i tillegg få ei ekstra jubileumsgåve som vert  
sendt ut i desse dagar.

Dette er fire kassettar med våre mest kjende folkeeventyr,  
fortalt av Jens Bolling med fløytemellomspel av Steinar Ofsdal.  
Kassettane er utgitt av Foreningen for hjertesyke barn.

SR-BANK Bokn tilbyr restopplaget for kr.120,- pr.sett til kundar.  
Dette er under vår kostpris, som uavkorta går til denne foreningen.

SR-BANK Bokn installerer i desse dagar telefax.  
Dei av våre kundar som har behov for denne tenesta kan vi  
dermed om kort tid hjelpe.

Arne Hosaas  
banksjef